

## Dyrkorn

Allereie etter første svingen oppover frå hovudvegen ligg ein rasteplass med vidt utsyn. Her går gamlevegen med ei flott steinkvelvingsbru over elva. Vidare oppover klyngjer husa seg fast i dei bratte bakkane, men eit stykke oppe i sida opnar dalen seg. I det første krysset er valet å køyre til høgre mot Dyrkornvatnet og Vikastøylen, eller til venstre forbi grendahuset med ballbinge og sittegrupper og vidare oppover mot Gjerdsstølen. Vikastølen er utgangspunktet for fjellturen mot Vikahornet eller Varden. Det er også ein fin tur å gå i terrenget på austsida av Dyrkornvatnet til Midtbustegga og Midtbustsætra, men her er det ikkje merka sti, og råsa er nokre stader heilt borte.

Parkerer du på ein av dei to parkeringsplassane ved veggen er det flott å gå langs den smale og luftige veggen utover mot Lien. Her er det eit fantastisk utsyn over Storfjorden.

Det er også råd å parkere før sætrevegen ved Øygarden og gå opp til Gjerdsstølen. Dette er bomveg, så hugs pengar om du vil køyre heilt opp. Frå parkeringsplassen ved Gjerdsstølen er det fint å gå til Kroketevatnet eller Svartevatnet. Til Svartevatnet er det god og merka sti. På sjølve stølen er ein liten bade/vassekulp.

### Parkering og buss

Det er fleire parkeringsplassar i området. For å gå ut til utkikspunktet mot Lien er det best å parkere på sletta ved innkøyrsla til Ytresætra. Den største og beste parkeringa er ved siste svingen på hovudvegen, sjå midtsidebildet.

Å køyre heilt ut til Lien eller opp til Ytresætra er ikkje tilrådd fordi der ikkje er andre stader å snu enn inne på sjølve gardstuna.

Næraste busshaldeplass er Dyrkorn på hovudvegen. For informasjon om bussruter sjekk: [www.frammr.no](http://www.frammr.no) eller ring 177.

### Kulturminne

Det er funne ein flintdolk ved Bakkeplassen på om lag 100 moh. Elles er det per i dag ikkje registrert andre kulturminne i området.

For meir informasjon om kulturminne sjekk: [www.kulturminnesok.no](http://www.kulturminnesok.no)

### Turtips:

[www.friluftsradet.no](http://www.friluftsradet.no)  
[www.morotur.no](http://www.morotur.no)  
[www.godtur.no](http://www.godtur.no)

Turkorta til friluftsrådet kan lastast ned som pdf-filer frå [www.friluftsradet.no](http://www.friluftsradet.no)

### Utgitt med støtte frå:


- Friluftsrådenes Landsforbund
- Møre og Romsdal fylkeskommune



Layout/trykk: Ions Kantor AS, Foto: Christer Lundberg Nes, May Britt Haukås og Bjørg Jacobsen.

# Dyrkorn

Høgt over fjorden opnar Dyrkorn seg opp til ein stor dal med fleire fine fjellvatn. Å ta ein avstikker opp frå hovudvegen gir fantastisk utsyn og tilgang til mange flotte turar.



Parkering



Turveg – gul



Sti – kvitstipla



Vandring på bilveg – gul stipla



Buss



Utsynspunkt



Snu



Fotballbane



Sittegruppe/ rasteplass



Bilveg – svart

**TURKORT!**

Turkort er ein serie minifaldarar om gode turmål gitt ut av Sunnmøre friluftsråd. Dette turkortet er trykt i 2016.



# Dyrkorn

